

Tilskot til Kulturtiltak - amatør våren 2016  
Rapport frå Sunnhordland kammerorkester

Saksnummer: 2016/2418

Prosjekt:

**"Ungdom i Sunnhordland framfører Requiem i c-moll av Johan Michael Haydn for kor, solistar og orkester"**

Samarbeidsprosjekt mellom Sunnhordland kammerorkester og Musikklinja ved Stord vidaregåande skule

Tiltaket ble gjennomført i tråd med søknaden. Ingen avvik.

Prosjektet har hatt desse samlingane:

Fredag	22.01	16.30 - 20.15	Øving orkester
Lørdag	23.01	09.30 - 14.00	Øving orkester
Fredag	05.02	16.30 - 20.15	Øving orkester
Lørdag	06.02	09.30 - 14.00	Øving orkester
Fredag	04.03	16.30 - 20.15	Øving kor og orkester
Lørdag	05.03	09.30 - 14.00	Øving kor og orkester
Fredag	11.03	16.30 - 20.15	Øving kor og orkester og solistar
Lørdag	12.03	11.00 - 15.00	Øving + Konsert kl. 18.00 i Nysæter kyrkje
Søndag	13.03	12.00 - 16.00	Øving + Konsert kl. 17.00 i Bremnes kyrkje

I tillegg har Musikklinja hatt egne korøvingar sidan hausten 2015 med innøving av korsatsane.

Alle øvingane har vore i Kulturhuset på Stord

Det var omlag 100 aktørar med i prosjektet:

- Sunnhordland kammerorkester + blåse- og slagverkelevar/lærarar frå musikklinja
- Musikklinekoret
- Innleidde solistar:

Sopran: Maria Therese Bersaas. Ho kjem frå Stord, men bur no i Oslo.

Alt: Synnøve Tollaas. Jobbar som songlærer og kordirigent på Musikklinja på Stord.

Tenor: Arne Kvarven. Han kjem frå Bømlø, men bur no i Bergen.

Bass: Knut Stiklestad. Profesjonell songar busett i Alvdal

- Dirigent : Lars-Erik ter Jung

Prosjektet var svært vellukka.

Ei av målsettingane med prosjektet er at ungdomane som er med skal få oppleva arbeidet med, og framføringa av eit større, klassisk verk for kor, solistar og orkester. Johan Michael Haydn sitt Requiem var eit fantastisk flott verk og ungdomane meistra det svært godt.

# Elegant konsert



Sunnhordland Kammerorkester med solistar og kor.

**Dei som fann vegen til Bremneskyrkja søndag ettermiddag fekk ei oppleving av høg verdi.**

**Br:** Mariann Geirdsdotter Sagvåg

Sunnhordland Kammerorkester, i samarbeid med Musikklinja ved Stord vidaregåande skule, heldt ein framifrå flott konsert under leiing av Lars-Erik ter Jung. I tillegg hadde dei med seg solide solistar.

Johann Michael Haydn, broren til den meir vidgjetne Josef Haydn hadde ei vakker sopranroyst. Som 8-åring følgde han broren til ein kors- skule i Wien, der han også fekk undervisning i fiolin- og orgelspel og musikkteori. Han har mellom mykje anna komponert eit Requiem i C-moll. Dette fekk publikum i Bremneskyrkja høyra på søndag.

Det er mest ufattelleg at lokale orkester og kor kan skipa konsert på dette nivået. Men så er det kringsette av solide musikkarbeidarar. Med

eit slikt solid kammerorkester, under leiing av ein svært etter- spurd, omtykt og dugandes ter Jung, er mykje gjort.

Solistane Maria Therese Berås – sopran, Synnøve Tollås – alt, Arne Kvarven – tenor og Knut Stikkestad – bass, er alle røynde i sonen og har mange og store fram- føringar seg. Det er òg ei unge- taleniet, Tirill Eirunna Einars- dotter, imponerte som solist på fiolin under framføringa av «Oblivion» av Astor Piazzolla og fekk ein varm og vedva- rande applaus. Ho var vel unt rosa Lars-Erik ter Jung leverte vidare under avslutninga.

Alt-solisten Synnøve Tollås frå Alesund har jobba seg gjennom landet som songar, songpedagog og kordiri- linja ved Stord vidaregåande. I kyrkja hadde ho med seg eit imponerende kor. Dette Requiem er ikkje særleg kjent, slik det høyrdest ut i Bremnes- kyrkja søndag kunne det godt vere framført oftare. Ein vak- ker konsert.



Tirill Eirunna Einarsdotter imponerte som solist.